

## Søknad om studieplassar til fagskoleutdanning

### Fylke: Hordaland

Fagskole	Utdanningstilbud	Antall studieplasser iht. omfang (30/60/90/120 fagskolepoeng)	Antall heltid/deltid	Antall studieplasser i heltidsekvivalenter
Fagskolen i Hordaland	CNC og robotteknologi	30 studieplasser à 120 fp	30 heltid	30
Fagskolen Aldring og helse	Demensomsorg og alderspsykiatri	25 studieplasser à 60 fp	25 deltid	12,5
AOF Hordaland – Sogn og Fjordane	Ernæring i pleie og omsorgstjenester	20 studieplasser à 30 fp	20 deltid	10
Fagskolen i Hordaland	Lokal matkultur	25 studieplasser à 120	25 deltid (0,67)	16,75
Fagskolen i Hordaland	Klassisk bygningshandverk	20 studieplasser à 60 fp	20 deltid	10
Folkeuniversitetet Øst	Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming	20 studieplasser à 60 fp	20 deltid	10
AOF Hordaland – Sogn og Fjordane	Kontor-, salg og serviceledelse	15 studieplasser à 60	15 deltid	7,5
<b>Sum</b>			<b>155</b>	<b>96,75</b>

### Begrunnelse for søknaden om økt opptak høsten 2018 (behov, søkning, profil, fagkompetanse, samarbeid arbeidsliv, osv.):

Hordaland fylkeskommune er eit stort fagskulefylke som gjennom nærings- og kompetansepolitiske planar syner kor viktig det er å ha eit fagskuletilbod i fylket med breidde og fleksibilitet. I høve til Regional plan for kompetanse og arbeidskraft som vart vedteke av fylkestinget 03.10.2017, skal det setjast i verk fleire tiltak for å styrke fagskuleutdanninga i fylket. Blant anna skal Hordaland arbeide med å dokumentere behovet for auke utdanningskapasitet/kompetansebehov i Hordaland, samt gjennomføre jamlege kandidatundersøkingar blant uteksaminate studentar ved Fagskolen i Hordaland for å kartlegge om dei får jobb, kor lang tid det tek og karriereavansement etter fagskulen.

Hordaland fylkeskommune har bede om innspel frå dei fagskulane med studiestad i fylket som tidlegare har fått offentleg støtte, i høve til kva dei meiner det er behov for og som kan bidra til å auke talet på studieplassar i Hordaland. Deretter har opplæringsavdelinga i samråd med regionalavdelinga vurdert og prioritert fagskuletilboda som fylkeskommunen ønskjer å søkje midlar til for nye studieplassar hausten 2018 (jf. prioritert liste i tabellen over).

#### CNC og robotteknologi

Tilbodet CNC og robotteknologi er utvikla i tett samarbeid med CNC og robot-miljøet på Osterøy i prosjektet "Kompetanseutvikling i CNC og robotnæringsmiljøet i Hordaland". Prosjektet fekk støtte frå Innovasjon Norge med 3 millionar i 2014 som eit hovudprosjekt. Hordaland fylkeskommune har også gjeve støtte til prosjektet som vart vurdert som viktig for næringslivet i Hordaland. Som del av prosjektet har Fagskolen i Hordaland utvikla og nyleg fått godkjent utdanninga CNC og robotteknologi, og det er ønskjeleg å starta opp dette tilbodet hausten 2018 dersom fylket får midlar til nye studentplassar. Det er i dag ikkje eit kompetansehevingstilbod i fylket innan CNC og robot, medan det er eit stort tal på

verksemder i fylket som etterspør og vil ha behov for denne kompetansen. Hordaland har eit av dei sterkeste miljøa i landet innan CNC-maskinering og er i tillegg langt framme når det gjeld automatisering/robotisering. Mange av aktørane er knytt til den maritime klynga og offshoreklynga, men det er også fleire andre aktørar. Ei varsam oversikt syner at det berre innanfor maskinering er om lag 40 verksemder i Hordaland med om lag 3000 tilsette.

#### Demensomsorg og alderspsykiatri / Ernæring i pleie og omsorgstjenester

Dei to skulane Fagskulen aldring og helse og AOF Hordaland – Sogn og Fjordane melder om interesse fra arbeidslivet i Hordaland i høve til tilboda *demensomsorg* og *ernæring*. Bergen kommune som er ein av dei største arbeidsgjevarane innan helsesektoren i fylket, melder også om at det er stor interesse for desse to tilboda hausten 2018. Fagskolen Aldring og helse har etablert eit samarbeid med Bergen kommune ved direktørane for etatane «heimebaserte tenester» og «sjukeheimstenester» for å rekruttere studentar til tilboden innan *demensomsorg*. I høve til tilboden *ernæring* er det mellom anna gjennom den nasjonale handlingsplanen «Oppskrift for et sunnere kosthold» eit uttalt behov for dette tilboden. AOF Hordaland – Sogn og Fjordane syner også til at Fylkesmannen i Hordaland melder om behov for denne kompetansen, og tilboden er utarbeidd i samarbeid med fagpersonar i mellom anna Bergen kommune. Desse fagskuletilboda har ikkje vorte tilbydd i Hordaland tidlegare, og det er derfor ønskjeleg å etablere dei med nye studieplassar hausten 2018.

I høve til helsefagskuletilboda i Hordaland vil ein også nemne at det i samband med omlegginga av finansieringa frå 2017 til 2018 ser ut til at ein vil få ein reduksjon i talet på plassar som kan verte tilbydd i Hordaland innanfor den ramma fylket har i 2018. Årsaka til dette er både at ramma som vart vidareført frå HOD til helsefagskuleutdanning ikkje er prisjustert i statsbudsjettet, og at rekruttering og gjennomføring har betra seg frå tidlegare år som igjen utløyser meir tilskot. På bakgrunn av dette er det svært viktig for Hordaland å få tildelt fleire studieplassar til helsefaga.

#### Lokal Matkultur

Fagskolen i Hordaland har nyleg fått godkjent fagskuletilbodet Lokal matkultur. Dette er eit tilbod som har studiestad i Ulvik i Hardanger og er samlingsbasert. Tilboden er utarbeidd i samarbeid med bransjeorganisasjonar og andre interessentar lokalt i Hordaland. Hordaland fylkeskommune ved regionalavdelinga har gjennomført ei interesseundersøking for dette studiet, og undersøkingane syner at det er interesse for denne kompetansen, men at det gjerne er eit smalt søkjargrunnlag berre i Hordaland. Ved studiestaden i Ulvik er det allereie etablert eit anna fagskuletilbod (Arborist) som rekrutterer studentar frå heile landet og skulen har med dette god erfaring med å rekruttere nasjonalt til samlingsbaserte studium i Hardanger.

#### Klassisk bygningshandverk

Fagskulen i Hordaland skal søkje NOKUT om godkjenning for tilboden Klassisk bygningshandverk i mars 2018 og ser føre seg at dette vil bli godkjent for oppstart hausten 2018. Både bygningsbransjen, vernemyndigheter og museum melder at det er mangel på undervisningstilbod innan klassisk bygningshandverk og restaurering/rehabilitering. Fylkeskonservatoren i Hordaland, Hardanger og Voss museum, og Byggmester forbundet Region Vest ønskjer også at eit fagskuletilbod innan klassisk bygningshandverk og restaurering vert oppretta. Arbeidet med å opprette fagtilboden er organisert som eit eige prosjekt i samarbeid mellom styringsgruppa for Bygningsvernseteret Voss/Hardanger, der også Fagskolen i Hordaland er med, i tillegg til institusjonane som er nemnt over. Som ein del av prosjektet er det også gjort ein marknadsanalyse som konkluderte med at det er eit behov for denne utdanninga. I tillegg er det interesse for dette tilboden blant yrkesfaglærarar. Tilboden vil verte gjeve på deltid og ha nasjonalt nedslagsfelt i høve til rekruttering av di det ikkje er etablert tilsvarande tilbod andre stader i landet. Hordaland, og spesielt Bergen, har store bygningsmassar som har behov for fortøpande restaurering, og denne kompetansen vil vere svært viktig for regionen.

#### Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming

Folkeuniversitetet Øst har godkjenning for tilboden Psykiske lidelser og aldring hos personer med utviklingshemming i Bergen og melder om behov for auka kompetanse i boligane i kommunehelsetenesta der brukarane med utviklingshemming vert eldre. Opprettning av dette tilboden vart gjort etter førespurnader frå kommunar i Oslo og Akershus, og etter kvart opplevde også fagskulen interesse frå kommunar i Hordaland. Dette tilboden har ikkje vore etablert i Hordaland tidlegare, og det er ønskjeleg å kunne tilby denne kompetansen hausten 2018 med nye studieplassar.

**Kontor-, salg og serviceledelse**

AOF Hordaland – Sogn og Fjordane peikar på at utdanninga Kontor- salg og serviceledelse møter ei yrkesgruppe som har behov for vidareutdanning i høve til stadige endringar og omstillingar i arbeidslivet. Tilbodet rettar seg mot både offentleg og privat sektor og har høg yrkesrelevans. Oppaksgrunnlaget til utdanninga er enten fullført vidaregåande utdanning innan service og samferdsel eller studiespesialiserande utdanningsprogram, og utdanninga har såleis ei brei målgruppe i høve til søkerar. I Hordaland ser det ut til å vere ein trend dei siste par åra med auka interesse for læreplassar innan dette fagområdet. Fleire og fleire verksemder rekrutterer lærlingar, og ein kan derfor også tenkje at det vil vere interesse for vidareutdanningsmogleheter for denne yrkesgruppa.

**Eventuelle planer for 2019 (om det tilkommer annet det som er omtalt for høsten 2018)**